

HÅVARD SPEL

slåttar etter Håvard Gibøen



HÅVARD GIBØEN

[1809–1873]

Håvard Gibøen vart fødd på Møsstrand i Telemark, og sjølv om han i delar av livet fór mykje rundt i bygdelag i Telemark, var han ein temmeleg stadbunden spelemann, særleg jamført med jamaldringen og spelevenen Torgeir Augundsson – Myllarguten.

For ettertida er desse to spelemennene representantar for to ulike spelstilar som ingen spelemenn som har kome etter kan la vere å forhalde seg til.

Myllarguten har blitt ståande som ein representant for endring og modernisering av slåttespelet, mellom anna ved å spele ein klarare dur-tonalitet og ved å nytte virtuose teknikkar inspirert av fiolinistar som Ole Bull. Håvard Gibøens namn har derimot vore knytta til eldre tonalitet med tonegangar som tidvis rører seg mellom dur og moll, og slåtteutforming innanfor stramme rammes. Kanskje kan ein seie at Gibøen foredla og meisla ut slåttane han lærde, og at slåttane fekk ein svært samla og tydeleg karakter etter å ha vore innom hendene til Gibøen.

Knut Lurås (1782–1843) frå Tinn vart tidleg ein inspirator og læremeister for Håvard Gibøen, og sjølv om det var fleire spelemenn og kvedarar i slekta til Gibøen, var størsteparten av slåttane som



Kjetil Håvardson

Gibøen spela, i form etter Knut Lurås. Lurås i sin tur hadde lært spel frå kjelder som sat på riktig gamalt spel i Tinn, som til dømes Hølje Sveinson Leikandrud (fødd 1759). Men samvere med spelemenn frå andre delar av landet, som Nils Rekve frå Voss og Jørn Hilme frå Valdres, hadde òg mykje å seie for spelet – og slåttetilfanget – til Knut Lurås.

Håvard Gibøen hadde ingen enkel lagnad, med til dels fattige kår for seg og familien. Men dei

særmerkte slåttane lever vidare etter han og sviv i spelsinnet til spelemenn i stadig nye generasjonar. Ein vert aldri ferdig med Gibø-spelet.

OM UTGJEVINGA

I høve 200-årsjubileet for Håvard Gibøen (1809–1873) ønskjer vi med denne utgjevinga å dele nokre av slåttane etter han med fleire lyttarar. Slåttane de høyrrer, er anten spela inn av Folkemusikkarkivet i Telemark, av felespeararane sjølve eller av entusiastar som har gløda for dette spelet. Såleis er utgjevinga ei hylling – ikkje berre til spelet etter Håvard Gibøen eller spelemennene på denne plata, men også til dei eldsjelene som har tatt vare på musikken. Samstundes gjer dei mange ulike opptaka av det ein må kunne kalle ufaglærde lydteknikarar, at lydqualiteten på utgjevinga er noko vekslende. Vi håper de likevel vil gle dykk over å høyre dei mange spelemennene som tolkar Gibø-spelet på sitt eige vis.

Spelemennene på utgjevinga er representantar for ulike liner som greinar seg ut frå Gibø-tradisjonens senter – Håvard Gibøen. For å avgrense noko valde vi spelemenn som har størsteparten av reper-toaret sitt i Gibø-stil. Det finst ikkje spelemenn i Telemark som ikkje spelar slåttar etter Håvard Gibøen, og det var difor naudsynt å gjere ei slik avgrensing. Utgjevinga rettar fokus mot dei eldre



Kjetil Vågen og Knut Vågen

spelemennene – den eldste, Gunleik Smedal, er fødd i 1878. Men vi har også med eit opptak av Trygve K. Vågen (f. 1950) frå Telemarkfestivalen no i sommar, der han spelar «Systerslåttane».

Det er viktig å gjere merksam på at denne utgjevinga kunne vore minst tre gonger så lang. Og då har vi berre rekna med tilfanget av godt Gibø-spel som vi har funne i arkivet i Telemark. Andre arkiv, innspelingar og NRK-opptak er ikkje rekna med. Vi måtte gjere ei streng prioritering av slåttar og spelemenn, og det er ønsket om å syne mangfaldet av uttrykk spelemennene imellom – og slåttane imellom – som har fått styre. Det finst hundrevis av moglege utgjevingar med denne rike slåttetradisjonen, og like mange meiningar om kven og kva som burde vere med. Dette er vårt utval ut frå slåttetilfanget vi hadde. Det har ikkje vore enkelt, men det har vore svært interessant. CD-en er eit resultat av samarbeid mellom ta:lik, Norsk Folkemusikk- og Danselag og Folkemusikkarkivet i Telemark.

Kva er så dette Gibø-spelet, og kva er det med det? «Gibø-slåttene – det er en sánn følsomhet for klang. Det er en veldig vekt på grep, og det er noe med slåttene. De har en karakter av litt innadvendthet. Noe fint, utpenslet. De er ikke feiende flotte, men der er veldig fine detaljer. Spelet innbyr til litt klanglig raffinement. Det fine i det små.» Dette seier Jan-Petter Blom i eit intervju i årets Årbok for folke-

musikk, og der kan ein også lese fleire andre artiklar om spelemannen frå Møsstrand. Så håper vi denne utgjevinga vil gje lyttarane deira eiga oppleving av kva Gibø-spelet kan vere.

Vi vil rette ein stor takk til Kari Lønnestad ved Folkemusikkarkivet i Telemark for eit grundig arbeid som har resultert i at CD-en har kome ut, takk til Knut Buen for gode innspel og for å ha bidrege med bilete og informasjon, takk til ta:lik ved Frode Rolandsgard og Norsk Folkemusikk- og Danselag ved Eivind Kaasin for eit utmerka samarbeid. Til slutt ein stor takk til etterkomarane til spelemennene og til Olav K. Øyaland og Trygve K. Vågen for løyve til å gje ut slåttane.

/Per Anders Buen Garnås, Anne Hytta

SPELEMENNENE PÅ PLATA

Gunleik Smedal (1878–1948): Gunleik kom frå ein stor spelemannsfamilie der fleire av brørne spela, mellom andre Eilev, som kanskje er den mest kjende av dei. Foreldra og alle syskena utvandra frå Åmotsdal til USA, der dei spela mykje med andre utvandra spelemenn. Bestemor til Smedølane var syster til Håvard Gibøen, og fleire av slåttane dei har lært, lærde dei frå bestemora, som tulla slåttane for dei.



Høye Kvåle



Johannes K. Dahle



Gunnar Dahle

FOTO: PRIVAT/ANNE ELISE THORVALDSEN

FOTO: PRIVAT/PER ANDERS BUEN GARNÅ

Høye Kvåle (1879–1967): Høye Kvåle frå Seljord lærde mykje spel av Kjetil Håvardson, son av Håvard Gibøen. Ein kan på mange vis seie at Knut Dahle og Kjetil Håvardson vart representantar for to linjer av Gibø-spelet, men kor ulikt det eigentleg var, er vanskeleg å vite. Høye Kvåle lærde også noko spel av foreldra sine, Anne og Eivind Kvåle.

Johannes K. Dahle (1890–1980): Johannes K. Dahle frå Tinn var soneson av Knut Dahle. Knut hadde store delar av slåttetilfanget frå Håvard Gibøen, og Johannes lærde alle slåttane etter bestefar sin, eit stort repertoar som han har spela inn mykje av. Johannes K. Dahle er difor ei sentral kjelde for Gibø-spelet slik det vart spela i Tinn. Mange meiner at ein høyrer den særmerkte Gibø-tonaliteten mest truverdig att hjå Johannes K. Dahle.

Gunnar Dahle (1902–1988): Gunnar Dahle frå Tinn var soneson av Knut Dahle og bror av Johannes K. Dahle. Han lærde mykje spel av bestefaren, men òg av broren Johannes, som var heile tolv år eldre.

Olav S. Løndal (1904–1986): Olav S. Løndal frå Tuddal var eldst av dei tre spelemannssønene til Svein Løndal (1864–1949). Brørne Kjetil og Einar var også svært gode spelemenn, og alle tre spela mykje Gibø-spel som dei hadde lært av far sin, som lærde Gibø-slåttar av Knut Dahle i Tinn og sambyggingen Ola Sud-Bøen. Knut Dahle vart Gibøens viktigaste elev og lærde stort sett alt av repertoaret til Gibøen. Ola Sud-Bøen skal ha spela mykje med Håvard Gibøen når han var i Tuddal.



Trygve K. Vågen



Olav K. Øyaland

Eivind Mo (1904–1995): Eivind Mo frå Rauland flytte i tidleg vaksen alder til Seljord. Han lærde mykje Gibø-spel av morbroren Høye Kvåle, men òg av den gode spelvenen Eilev Smedal. Eivind Mo lærde dessutan mange slåttar av Johannes K. Dahle, men han spela dei med ein klarare dur/moll-tonalitet. Johannes K. Dahle og Eivind Mo hadde bâte to eit stort slåttrepertoar, og vert gjerne vurdert som to ulike tolkarar av Gibø-spelet.

Trygve O. Vaagen (1927–2005): Trygve O. Vaagen frå Møsstrand lærde spel av den eldre bror sin, Olav, men også av sambygdingen Knut Vågen, son av Kjetil Håvardson og soneson av Håvard Gibøen. Arne Bjørndal har skrivne opp fleire slåttar etter Knut Vågen. Trygve O. Vaagen og brørne hans, Olav og Arnfinn, var alle gode spelemenn, og dei henta også slåttar frå Johannes K. Dahle. Spelet deira ligg også ganske tett opp til spelet i Tinn.

Svein Lien (1920–1998): Svein Lien frå Tinn lærde spel først av dei eldre brørne Knut og Olav Lien i Tessungdalen i Tinn. Seinare gjekk han i lære hjå

Johannes K. Dahle og var ein kjend og kjær spelemann på kappleikar i ei årrekke. Spelet hans bar ein umiskjenneleg Tinn-signatur, men han hadde samstundes sin eigen sveip over det.

Olav K. Øyaland (1922–): Olav K. Øyaland frå Austbygd i Tinn lærde spel av Johannes K. Dahle. Øyaland er i dag vår næraste kjelde til Gibø-spelet. «Han [Øyaland] lærde jamleg av Johannes K. Dahle i ein mannsalder, og har tileigna seg det stoffet så nøyaktig og med så stor musikalitet, at ein synst Håvard pustar ein i nakken om ein set seg ned og lyer på det,» skriv Per Anders Buen Garnås om Olav K. Øyaland. I 1995 gav Buen Kulturverkstad ut CD-en *Haugelåt* med Olav.

Trygve K. Vågen (1950–): Trygve K. Vågen lærde spel av onklane sine, Olav og Trygve, og dessutan noko av far sin, Kjetil Vågen. Han har også lært spel av Eivind Mo og Johannes K. Dahle. I 1993 gav han ut CD-en *Gibøspel* på eige forlag. Trygve K. Vågen er tippoldebarnet til Håvard Gibøen.



Trygve O. Vaagen

OM SLÅTTANE

01. Kivlemøyane blir også kalla *Systerslåttane*, og dei to siste av dei tre slåttane me høyrer her er såleis identiske med dei to siste slåttane på denne CD-en. Eivind lærde den andre og tredje av desse av Høye Kvåle allereie i 1920, som igjen hadde lært dei av Kjetil Håvardson, son av Håvard Gibøen. Son til Høye, Olav Kvåle, fortalde at faren berre kunne desse to slåttane i denne syklusen. Eivind spelar den fyrste springaren temmeleg likt Johannes K. Dahle, som nemner alle tre slåttane etter Håvard Gibøen, og har truleg lært denne slåttan der. Dei to etter Høye Kvåle skil seg derimot ein del ut frå Dahle-formene. Eivind Mo spela inn desse tre slåttane ved Norsk Folkemusikkinstitutt 21.08.1967, og kalla dei *Kivlemøyslåttane*.

02. Håvards minne er dedisert til Håvard Gibøen. Det er uvisst kvar Gunleik Smedal hadde slåttan frå, og slåttan er nemnt både som Møllarslått og Gibøslått. Knut Dahle skal ha lært slåttan av Møllarguten kring 1860. Johannes K. Dahle fortalde om ein episode der Torkjell Haugerud ikkje var einig i eit tak Knut Dahle spela etter Håvard i denne slåttan, men som han etterkvart innrømte at Knut hadde rett i at skulle vera med. Torkjell Haugerud kalla også slåttan stundom *Springar etter Håvard Gibøen*. Difor har truleg både Håvard og Møllarguten nytta denne. Dette er ein av fire slåttar som finst på 78-plater med Gunleik Smedal.

03. Guro Heddeli hadde andre namn føre Smedølane kalla denne gangaren opp etter den segnomsuste jenta Guro Heddeli. Ein av Håvard Gibøens lærereistrar, Jon Kjos, kalla denne slåttan for *Sollikrokan*, mens eit meir kjent namn elles er *Tjønnbergen*. Dette var den fyrste slåttan Knut Dahle høyrde Håvard Gibøen spela. Gunleik Smedal si form på denne 78-plateinnspelinga er ulik den dei spelar etter Håvard i Tinn, og det er uvisst kvar han henta slåttan. Smedølane henta materiale frå mange kantar, men sette ofte sitt eige stempel på det.

04. Høyværsdagen med fyrispel spelar Høye Kvåle etter Kjetil Håvardson. Fyrispelet er mykje av det same som blir nemnt som fyrispelet til Håvard Gibøen i Tinn. Slåttan *Høyværsdagen* fekk namnet sitt ein gong Håvard og Knut Lurås sat inne og spela denne slåttan, medan kona til Håvard, Mari, var svært oppgjeven for at dei ikkje høya i det fine vêtet i staden. Stundom blir det også nemnt at det var Møllarguten og Håvard som sat og spela denne høyværsdagen. Det er ukjent kven som har gjort opptaket.

05. Førnesbrunen spelar Høye Kvåle her slik han lærde han av Kjetil Håvardson. Slåttan er basert på segna om den gjæve hesten på Førnes på Måsstrand som frakta lik til Rauland kyrkje under svartedauden, og som sjølv måtte bøte med livet i uvêret da han måtte ta den siste ferda aleine, med den døde eigaren på slep. Dette opptaket er gjort av Olav Kvåle i august 1954.

06. Gibøens minne er kjent både under namnet *Ramsen* og *Mannen med treskreppe*, men på Måsstrand blir han kalla *Gibøens minne*, og er ein heilt annan slått enn Håvards minne. Trygve O. Vaagen lærde denne av broren Olav O. Vaagen, og spela han sjølv inn da han lånte Folkemusikkarkivet i Telemark sitt opptaksutstyr i mars 1995.

07. Rekveen spelar Trygve O. Vaagen her i form etter Knut Vågen, soneson av Håvard Gibøen. Namnet er etter Nils Rekve (1786–1846), som spela saman med Knut Lurås. Slåttan er også stundom kalla *Nils Rekve's halling*. Dette er frå same innspeling som førre slått.

08. Floketjønn spelar Olav S. Løndal her etter far sin, Svein, som nemnte den som ein gangar etter Lars Fykerud. Lars Fykerud (1860–1902) nytta mange Gibøslåttar, men forma dei om etter eige hovud, noko han gjorde med alt han spela. Slåttan skal ha namnet sitt etter at Håvard sette seg ved Floketjønn og spela denne slåttan. Slåttan er

også kjent etter Jon Kjos, som *Kjoshjase* og Knut Dahle kalla slåtten for *Jon Vestafe*, som var eit vednamn på nettopp Jon Kjos. Men *Floketjønn* er det vanlegaste namnet i dag. Dette er eit opptak som Olav S. Løndal sjølv spela inn for Rikard Gøytil på Rauland.

09. Gibøgangar i Løndalsform fortalde Einar Løndal at Løndalsbrørne lærde av Torgeir Solvang frå Tinnoset, som hadde høyrte far deira spela denne i ungdomen. Da dei så hadde spela slåtten for faren igjen, hadde Svein blitt overraska og sagt: «Å ja, den ja!» Svein hadde nok gløymt denne fine Gibøgangaren, og var glad for å bli minna på han att. Løndølane kalla slåtten stundom *Solvangen*. Dette opptaket er innspela same gong som førre slått.

10. Jarand Skinnarland har gått frå Håvard Gibøen via Knut Dahle, og har namnet sitt etter Håvard's sambygding, spelemannen Jarand Skinnarland (1812–1901). Håvard tok ein gong fela frå honom da Jarand spela til dans, og sa: «Du lærer aller spila du, Jarand!» I slåttesteivet til slåtten heiter det mellom anna: «Spela om du kan, Jarand Skinnarland!» Gunnar Dahle spela sjølv inn denne springaren 6. februar 1968.

11. Heiloen er også i ekta Dahle-tradisjon, og fekk namnet sitt ein gong Johannes K. Dahle og Olav Ullern var på reinsjakt. Johannes spela denne Håvardgangaren mens Olav koka kaffi, og Olav spurde om det var noko namn på han. Johannes svara at det ikkje var det. «Da må me kalle'n Heiloen,» sa Olav. Opptaket er frå same band som førre slått.

12. Luråsspringar er ein av sær mange slåttar som har gått frå Knut Lurås, via Håvard Gibøen til Dahle-karane i Tinn. Hauk Buen har i seinare år kalla slåtten *Hølje Wårstulens minne*.

Olav har slåtten etter Johannes K. Dahle. Opptaket er gjort av Kjell Bitustøyl for Folkemusikkarkivet i Telemark 21.11.1994, heime hjå Olav K. Øyaland.

13. Gangar etter Gibøen er på nedstilt bas. Håvard Gibøen var kjent som sjølve meistaren på dette stillet, og dette er ein av mange namnlause slåttar etter honom. Olav har også denne etter Johannes K. Dahle, og slåtten er spela inn same venda som førre slått.

14. Ragnhild Hægard var tenestejente på Bernos i Tinn, der Håvard Gibøen var og spela ein gong. Nokre år seinare prøva Ole Hansen Bernos, og sønene Hans og Olav, å koma på ein slått Håvard hadde spela den gongen, men ingen kom han i hug. Ragnhild, som var god både til å danse og tralle slåttar, kunne derimot slåtten og tralla han for karane. Slik berga ho denne springaren, og slåtten fekk difor bera hennar namn. Kjell Bitustøyl gjorde dette opptaket for Folkemusikkarkivet i Telemark 16.06.1997 heime hjå Svein Lien. Svein hadde lært slåtten av Johannes K. Dahle.

15. Gibøspringar på nedstilt med fyrispel er typisk Gibøspel som har gått frå Håvard sjølv til Knut Dahle, og vidare til Johannes K. Dahle, som her spelar på eit opptak ved Tinn kulturråd / Dahle-nemnda datert 12. mai 1954.

16. Filleværen er ein gangar på nedstilt bas som finst under mange namn. *Soteroen*, *Normannklubben* og *Siri Rukaren* er døme på dette. I Gibø-forma heiter han *Filleværen*, men må ikkje forvekslast med andre slåttar med same namn. Filleværen var nemleg eigentleg Vern Auverson frå Fyresdal, som fór rundt og selde filler på 1700-talet. Han har nok difor fått fleire slåttar kalla opp etter seg. Johannes K. Dahle spelar her slåtten etter bestefar sin, på dei same opptaka som førre slått.

17. Akkurat slik spela Pål er ein gangar etter Håvard Gibøen og er ein variant av *Langedragen 3*. Han har også blitt kalla *Luråsen 3*, og er ein heilt annan enn dei to andre slåttane som går under namnet *Slik spela Pål*. Johannes K. Dahle lærde også denne av Knut Dahle, og opptaket er gjort av Halvor Brenne heime på Brenne i Bø 24. juli 1957.

18. Håvardstubben har også blitt kalla *Rasmus Svergje* da Håvard Gibøen skal ha lært slåtten av denne Rasmus som budde på Svergje. Svergje var ein plass under Nistugu Eikja, der kona til Håvard var ifrå. Knut Dahle fekk lære denne av Håvard, og Johannes fanga sjølv sagt opp også denne av godfar sin. Opptaket er truleg gjort av Johannes sjølv på 1950-talet. Folkemusikkarkivet i Telemark har fått opptaket frå band som har tilhørt Jon Haugan i Tinn.

19. Helg er ein slått som har eit eldre namn, nemleg *Draghaugen*. Dette var ein haug ved Møsvatn som dei måtte dra pråmane over, og Håvard Gibøen sat i ein av desse pråmane og spela denne gangaren medan dei andre drog båten over. Johannes K. Dahle spela denne Håvardgangaren etter Knut Dahle for Eivind Groven ein gong fyrst i 20-åra. «Dette er helg!» utbraut Eivind straks etterpå. Johannes hadde ikkje namn på slåtten, og kalla han difor for *Helg*. Dette opptaket er frå same innspeling som førre slått.

20. Sevle'n er ein gangar som også omtalast som *Den gamle Sevle'n* for at han ikkje skal forvekslast med den meir kjende hallingen med same namn. Høye Kvåle spela slåtten etter Kjetil Håvardson, og Torkjell Haugerud nemnte at dette var den gamle forma etter Gibøen. Han hadde slåtten etter Knut Dahle. Eivind Mo lærde slåtten av Eilev Smedal da han var heime frå Amerika i 1936, og spela han inn ved Norsk Folkemusikkinstitutt 21. august 1967.

21. Gaute Navardsgard er ein springar etter Håvard Gibøen. I slåttestevet heiter det: «Gaute Navardsgard det var trøll te kar, han skaut firotjtuge reinar på ein dag. Leiulv Kåvesand det var meir te mann, han skaut alle dei som Gaute ikkje fann.» Eivind Mo spelar her ei form etter Eilev Smedal. Denne utforminga av slåtten er meir lik slik han blir spela på Møsstrand enn slik han blir spela i Tinn. Det er truleg at Eilev hadde slåtten etter Kjetil Håvardson. Eivind Mo spelar her slåtten på Brenne i Bø kring 1955, og opptaket er ved Halvor Brenne.

22. Gangar etter Håvard Gibøen går under fleire namn, mellom andre *Endelausen* og *Langedragen*. Eivind Mo lærde slåtten av Høye Kvåle, som hadde han etter Kjetil Håvardson. Opptaket er frå same stunda som førre slått.

23. Håvards sorg er ein av mange sørgmodige springarar etter Håvard på nedstilt bas. Eivind Mo lærde slåtten av Høye Kvåle, som hadde han etter Kjetil Håvardson. Dette opptaket er truleg gjort av Svein Krontveit på Rauland, da bandet kjem ifrå honom, men det er uvisst når det er gjort.

24. Systerslåttane er dei same slåttane som *Kivlemøyane* som Eivind Mo spelar heilt fyrst på denne CD-en. Trygve K. Vågen spelar her berre to av desse slåttane, og da i andre former enn dei Eivind spelar etter Høye Kvåle. Trygve oppgjev fyrst og fremst Johannes K. Dahle som kjelde på desse. Opptaket er frå konserten «Håvardsdraumen» under Telemarkfestivalen i Bø, 18. juli 2009, og er gjort av Kari Lønnestad ved Folkemusikkarkivet i Telemark.



HÅVARD GIBØEN [1809–1873]

Håvard Gibøen was born in Møsstrond in Telemark, and even though, during parts of his life, he traveled a great deal in the districts in Telemark, he was quite a place-bound fiddler, especially compared with his contemporary and fiddling friend, Torgeir Augundsson – Myllarguten. These two fiddlers have remained standing as bearers of two distinct playing styles which no fiddler in succeeding generations can refrain from relating to.

Myllarguten has remained a representative of change and of the modernization of the fiddle music by, among other things, playing in a more explicit major tonality and by using a virtuosic technique inspired by violinists such as Ole Bull. Håvard Gibøen's name has, on the other hand, been connected to an older tonality, with tonal passages which shift between major and minor, and to a formulation of style within strict borders. One can perhaps say that Gibøen refined and chiseled out the tunes he learned, and that the tunes acquired an extremely united and clear character after having been through his hands.

Knut Lurås (1782–1843) from Tinn became an inspiration and teacher for Håvard Gibøen early on, and even though there were several fiddlers and

folk singers in Gibøen's extended family, the majority of the tunes Gibøen played were in forms after Knut Lurås. Lurås had in turn learned to play from fiddlers in Tinn who were sources of very old tunes, such as, for example, Hølje Sveinson Leikarud (born in 1759). But company with fiddlers from other parts of the country, like Nils Rekve from Voss and Jørn Hilme from Valdres, also had a significant impact on Knut Lurås's playing and tune material.

Håvard Gibøen had no simple fate, as he and his family lived in part under poor circumstances. But the distinctive tunes live on after him and pass through the minds of fiddlers in steadily new generations. One is never through with *Gibø-spelet*.

ABOUT THE CD

With this release, on the occasion of the 200th anniversary of the birth of Håvard Gibøen (1809–1873), we wish to share some of the tunes in the Gibø-tradition with a wider audience. The tunes you hear have been recorded by the Folk Music Archive in Telemark, by the fiddle players themselves or by enthusiasts who have a passion for this music. The release is therefore a tribute – not only to the fiddling in tradition after Håvard Gibøen and to the fiddlers on this album, but also to the dedicated souls who have helped to preserve the music. Due to the inclusion of various recordings made by what

one might call untrained recording engineers, the sound quality on the release is somewhat variable. Nevertheless, we hope you will take great pleasure in hearing the many fiddlers who interpret *Gibø-spelet* in their own way.

The fiddlers on the release are representatives of various lines which branch out from the Gibø-tradition's centre – Håvard Gibøen. In order to narrow our scope somewhat, we chose fiddlers who have the bulk of their repertoire in Gibø-style. In Telemark, there is no such thing as a fiddler who can't play a tune after Håvard Gibøen, and it was therefore essential to create such a boundary. The release aims its focus towards the older fiddlers – the eldest, Gunleik Smedal, was born in 1878. But we have also included a recording of Trygve K. Vågen (b. 1950) from this summer's Telemarkfestival, on which he plays *Systerslåttane*.

It is important to draw attention to the fact that this release could have been at least three times as long. And even then, we have only taken into account the collection of good *Gibø-spel* which we have found in the archive in Telemark. Other archives, recordings and NRK recordings (from the archives of Norsk rikskringkasting, the Norwegian state-owned public broadcasting company), have not been taken into account. We had to strictly prioritize tunes and fiddlers, and it is the desire to present the

variety of expression amongst the fiddlers – and amongst the tunes – which has guided our selection. There exist hundreds of possible releases within this rich tune tradition, and just as many opinions about who and what ought to be included. This is our selection, based on the tune material we had. It hasn't been easy, but it has been extremely interesting. The CD is the result of a collaboration between ta:lik, Norsk Folkemusikk- og Danselag (The Norwegian Traditional Music and Dance Association) and the Folk Music Archive in Telemark.

What is *Gibø-spelet*, then, and what makes it so special? "The Gibø-tunes – it's a particular sensitivity for sound. It is a tremendous emphasis on fingerings, and it's something about the tunes themselves. They have an introspective character. Something fine, elaborate. They are not dashingly grand, but there are very fine details. The playing invites the listener to experience a tonal sophistication. The fine in the small." This statement is made by Jan-Petter Blom in an interview in this year's Årbok for folkemusikk, in which one can also read several other articles about the fiddler from Møsstrand. We hope this release will give listeners their own experience of what *Gibø-spelet* can be.

We would like to extend a big thanks to Kari Lønnestrand at the Folk Music Archive in Telemark for her meticulous work, which has resulted in the

release of the CD, thanks to Knut Buen for good input and for having contributed with photos and information, thanks to Frode Rolandsgard at ta:lik and Eivind Kaasin at Norsk Folkemusikk- og Danselag for an excellent collaboration. Finally, a big thanks to the descendents of the fiddlers and to Olav K. Øyaland and Trygve K. Vågen for permission to release the tunes.

/Per Anders Buen Garnås, Anne Hytta

THE FIDDLERS

Gunleik Smedal (1878–1948): Gunleik came from a large family of fiddlers in which several of the brothers played, including Eilev, who is perhaps the most well-known of them. Gunleik, his parents, and all of his siblings emigrated from Åmotsdal to the USA, where they played a great deal with other emigrant fiddlers. The Smedals' grandmother was Håvard Gibøen's sister, and several of the tunes they learned, they learned from their grandmother, who sang the tunes for them.

Høye Kvåle (1879–1967): Høye Kvåle from Seljord learned many tunes from Kjetil Håvardson, son of Håvard Gibøen. In many ways, one can say that Knut Dahle and Kjetil Håvardson became representatives



FOTO: BJARNE BRATTÅS

Johannes K. Dahle

of two lines of *Gibø-spelet*, but it is difficult to say how dissimilar their playing actually was. Høye Kvåle also learned some tunes from his parents, Anne and Eivind Kvåle.

Johannes K. Dahle (1890–1980): Johannes K. Dahle from Tinn was the grandson of Knut Dahle. Knut had large parts of his tune material from Håvard Gibøen, and Johannes learned all of his grandfather's tunes, a large repertoire of which he has recorded a great deal. Johannes K. Dahle is therefore a central source of *Gibø-spelet*, the way it was played in Tinn. Many believe that one can hear the characteristic Gibø-tonality most authentically in Johannes K. Dahle's playing.



Gunnar Dahle



Olav S. Løndal

Gunnar Dahle (1902–1988): Gunnar Dahle from Tinn was the grandson of Knut Dahle and the brother of Johannes K. Dahle. He learned a lot of tunes from his grandfather, and also from his brother Johannes, who was all of twelve years older.

Olav S. Løndal (1904–1986): Olav S. Løndal from Tuddal was the eldest of the three sons of fiddler Svein Løndal (1864–1949). His brothers Kjetil and Einar were also extremely good fiddlers, and all three played a great deal of *Gibø-spel* which they had learned from their father, who had learned *Gibø*-tunes from Knut Dahle in Tinn and from Ola Sud-Bøen, a fiddler from Svein's home district. Knut Dahle was *Gibøen's* most important student and learned just about everything in *Gibøen's* repertoire. Ola Sud-Bøen was said to have played a great deal with Håvard *Gibøen* when he was in Tuddal.

Eivind Mo (1904–1995): Eivind Mo from Rauland moved as a young adult to Seljord. He learned a large amount of *Gibø-spel* from his uncle Høye Kvåle, and also from his good friend, the fiddler Eilev Smedal. In addition, Eivind Mo learned many tunes from Johannes K. Dahle, but he played them in a more explicit major/minor tonality. Johannes K. Dahle and Eivind Mo both had large repertoires of tunes, and have come to be thought of as two distinct interpreters of *Gibø-spelet*.

Trygve O. Vaagen (1927–2005): Trygve O. Vaagen from Møsstrand learned tunes from his older brother, Olav, and also from Knut Vågen, a fiddler from Trygve's home district who was the son of Kjetil



Knut Dahle



Svein Lien



Olav K. Øyaland



Trygve K. Vågen

Håvardson and the grandson of Håvard Gibøen. Arne Bjørndal has transcribed several tunes after Knut Vågen. Trygve O. Vaagen and his brothers, Olav and Arnfinn, were all good fiddlers, and they also learned tunes from Johannes K. Dahle. Their playing also has strong ties to the playing in Tinn.

Svein Lien (1920–1998): Svein Lien from Tinn first learned to play the fiddle from his older brothers Knut and Olav Lien in Tessungdalen in Tinn. Later, he was a student of Johannes K. Dahle and was a well-known and beloved fiddler at kappleiks (folk music competitions) for many years. His playing bore an unmistakable Tinn signature, but he also gave it his own touch.

Olav K. Øyaland (1922–): Olav K. Øyaland from Austbygd in Tinn learned to play from Johannes K. Dahle. Today, Øyaland is our closest link to *Gibøspelet*. About Olav K. Øyaland, Per Anders Buen Garnås writes: “He [Øyaland] learned regularly from Johannes K. Dahle over the course of his lifetime, and has mastered the material so accurately and with such great musicality, that it seems that Håvard is breathing down your neck if you sit down and listen to it.” In 1995, Buen Kulturverkstad released Olav’s CD, *Haugelåt*.

Trygve K. Vågen (1950–): Trygve K. Vågen learned to play from his uncles, Olav and Trygve, and also from his father, Kjetil Vågen. He has also learned tunes from Eivind Mo and Johannes K. Dahle. In 1994 he released the CD *Gibøspel* on his own label. Trygve K. Vågen is the great-great-grandchild of Håvard Gibøen.

THE TUNES

01. Kivlemøyane are also called *Systerslåtane*, and the last two of the three tunes we hear here are thus identical to the last two tunes on this CD. Eivind learned the second and third of these from Høye Kvåle as early as in 1920; Høye had in turn learned them from Kjetil Håvardson, son of Håvard Gibøen. Høye’s son, Olav Kvåle, related that of the three tunes in this tune cycle, his father could only play these two. Eivind plays the first *springar* in a way quite similar to the version played by Johannes K. Dahle, who labels all three tunes after Håvard Gibøen, and has likely learned this tune from Dahle. Contrarily, the two tunes after Høye Kvåle distinguish themselves a good deal from the Dahle forms. Eivind Mo recorded these three tunes at the Norwegian Folk Music Institute (Norsk Folkemusikkinstitutt) on August 21, 1967, and called them *Kivlemøyslåtane*.

02. Håvards minne is dedicated to Håvard Gibøen. It is uncertain where Gunleik Smedal had the tune from, and the tune has been called both a Møllarguten tune and a Gibøen tune. Knut Dahle is said to have learned the tune from Møllarguten in around 1860. Johannes K. Dahle described an episode in which Torkjell Haugerud didn’t agree with a finger-grip Knut Dahle played after Håvard in this tune; Haugerud gradually admitted that Knut was right in that it should be included. Torkjell Haugerud sometimes also called the tune *Springar etter Håvard Gibøen*. Therefore, probably both Håvard and Møllarguten used this tune. This is one of four tunes found on 78 rpm recordings of Gunleik Smedal.

03. Guro Heddeli had other names before the Smedals named this *gangar* after the legendary girl Guro Heddeli. One of Håvard Gibøen’s teachers, Jon Kjos, called this tune *Sollikrokkan*, while an otherwise better-known name is *Tjønnerbergen*. This was the first

tune Knut Dahle heard Håvard Gibøen play. Gunleik Smedal's version on this 78-recording is unlike the one they play after Håvard in Tinn, and it is uncertain where he got the tune. The Smedals obtained material from many sources, but often set their own stamp on it.

04. Høyværsdagen med fyrispel, played by Høye Kvåle after Kjetil Håvardson. The *fyrispel* (a short, often lyrical prelude) is quite similar to that which is referred to as Håvard Gibøen's *fyrispel* in Tinn. The tune *Høyværsdagen* got its name when, one time, Håvard and Knut Lurås sat inside and played this tune while Håvard's wife, Mari, was very upset that they didn't bring in the hay in the good weather instead. It is also sometimes said that it was Møllarguten and Håvard who sat and played together on this "haying weather day". It is not known who has made the recording.

05. Førnesbrunen, played by Høye Kvåle in the form he learned from Kjetil Håvardson. The tune is based on the legend about the out-standing horse at Førnes in Møsstrond which carried corpses to Rauland church during the Black Death, and which had to pay with its life in a storm when it had to make the last journey alone with its dead owner in tow. This recording was made by Olav Kvåle in August 1954.

06. Gibøens minne is known both under the name *Ramsen* and *Mannen med treskreppa*, but in Møsstrond it is called Gibøens minne, and is a completely different tune than Håvard's minne. Trygve O. Vaagen learned this tune from his brother Olav O. Vaagen, and recorded it when he borrowed the Folk Music Archive in Telemark's recording equipment in March 1995.

07. Rekveen is played by Trygve O. Vaagen here in a form after Knut Vågen, grandson of Håvard Gibøen. The tune is named after Nils Rekve (1786–1846), who played together with Knut Lurås. The tune is also sometimes called *Nils Rekves halling*. This is from the same recording as the previous tune.

08. Floketjønn is played by Olav S. Løndal here after his father, Svein, who referred to it as a *gangar* after Lars Fykerud. Lars Fykerud (1860–1902) used many Gibø-tunes, but re-formed them in his own way, something he did with everything he played. The tune takes its name from the fact that Håvard sat by Floketjønn and played it. The tune is also known as *Kjoshjasen*, after Jon Kjos, and Knut Dahle called the tune *Jon Vestafe*, which was a by-name for Jon Kjos. But *Floketjønn* is the most common name today. This is a recording which Olav S. Løndal made of himself for Rikard Gøytil in Rauland.

09. Gibøgangar i Løndalsform was, according to Einar Løndal, learned by the Løndal brothers from Torgeir Solvang from Tinnoset, who had heard their father play it in his youth. When they had then played the tune back for their father, Svein became surprised and said: "Oh yes, that one, yes!" Svein had probably forgotten this fine Gibø-*gangar*, and was glad to be reminded of it again. The Løndals sometimes called the tune *Solvangen*. This recording was made at the same time as the recording of the previous tune.

10. Jarand Skinnarland has been passed down from Håvard Gibøen via Knut Dahle, and is named after Jarand Skinnarland (1812–1901), a fiddler from Håvard's home district. Håvard took the fiddle from him one time when Jarand played for dance, and said: "You never learn to play, Jarand!" One part of the tune's

slåttestev (a rhyming song composed on the melody of a fiddle tune) goes: "Play if you can, Jarand Skinnarland!" Gunnar Dahle recorded himself playing this *springar* on February 6, 1968.

11. **Heiloen** is also in true Dahle-tradition, and received its name one time when Johannes K. Dahle and Olav Ullern were on a reindeer hunt. Johannes played this *Håvard-gangar* while Olav made coffee, and Olav asked if there was a name for the tune. Johannes replied that there wasn't. "Then we have to call it Heiloen," said Olav. The recording is from the same tape as the previous tune.
12. **Luråsspringar** is one of very many tunes which have gone from Knut Lurås, via Håvard Gibøen to the Dahles in Tinn. Hauk Buen has in later years called the tune *Hølje Wårstulens minne*. Olav has the tune after Johannes K. Dahle. The recording was made by Kjell Bitustøyl for the Folk Music Archive in Telemark on November 21, 1994 in Olav K. Øyaland's home.
13. **Gangar etter Gibøen** is played on *nedstilt bas* (a fiddle tuning in which the top strings are tuned GDAE, from the bass string up). Håvard Gibøen was known as the master of this tuning, and this is one of many nameless tunes after him. Olav also has this tune after Johannes K. Dahle, and the tune was recorded at the same time as the recording of the previous tune.
14. **Ragnhild Hægard** was a hired girl at Bernos in Tinn, where Håvard Gibøen once came and played. Some years later, Ole Hansen Bernos and his sons Hans and Olav tried to recall a tune Håvard had played that time, but none of them could remember it. Ragnhild, however, who was good at both dancing and *tralling* (singing the melody of a fiddle tune using nonsense sounds and syllables), knew the tune and sang it for the men. In this way, she rescued this

springar, and the tune therefore came to bear her name. Kjell Bitustøyl made this recording for the Folk Music Archive in Telemark on June 16, 1997 in Svein Lien's home. Svein had learned the tune from Johannes K. Dahle.

15. **Gibøspringar på nedstilt med fyrispel** is typical *Gibøspel* (fiddling in the tradition and style of Håvard Gibøen) which went from Håvard himself to Knut Dahle, and on to Johannes K. Dahle, who plays here on a recording made by Tinn kulturråd / Dahle-nemnda dated May 12, 1954.
16. **Filleværen** is a *gangar* on *nedstilt bas* which can be found under many names. *Soteroen*, *Normannklubben*, and *Siri Rukaren* are examples of this. In the *Gibø*-form it is called *Filleværen*, but must not be confused with other tunes of the same name. In reality, *Filleværen* was actually Vern Auverson from Fyresdal, who traveled around and sold rags in the 1700s. He therefore probably had several tunes named after him. Johannes K. Dahle plays the tune here after his grandfather, on a track from the same recording as the previous tune.
17. **Akkurat slik spela Pål** is a *gangar* after Håvard Gibøen and is a variant of *Langedragen 3*. It has also been called *Luråsen 3*, and is completely different than the two other tunes which go under the name *Slik spela Pål*. Johannes K. Dahle also learned this from Knut Dahle, and the recording was made by Halvor Brenne at his home at Brenne in Bø on July 24, 1957.
18. **Håvardstubben** has also been called *Rasmus Svergje*, since Håvard Gibøen supposedly learned the tune from this Rasmus who lived on Svergje. Svergje was a cotten's farm which belonged to Nistugu Eikja, where Håvard's wife was from. Knut Dahle got to

learn this tune from Håvard, and Johannes, of course, also picked it up from his grandfather. The recording was likely made by Johannes himself in the 1950s. The Folk Music Archive in Telemark obtained the recording from a tape which belonged to Jon Haugan in Tinn.

19. Helg is a tune which has an older name, namely *Draghaugen*. This was a hill by Møsvatn which they had to drag the rowboats over, and Håvard Gibøen sat in one of these rowboats and played this *gangar* while the others hauled the boat over the hill. Johannes K. Dahle played this *Håvard-gangar* after Knut Dahle for Eivind Groven one time at the beginning of the 1920s. "This is sanctity (*helg*)!" Eivind exclaimed immediately after. Johannes didn't have a name for the tune, and therefore called it *Helg*. This recording is from the same recording as the previous tune.

20. Sevle'n is a *gangar* which is also referred to as *Den gamle Sevle'n* so that it won't be confused with the more well-known halling of the same name. Høye Kvåle played the tune in a version after Kjetil Håvardson, and Torkjell Haugerud remarked that this was the old form after Gibøen. He had learned the tune after Knut Dahle. Eivind Mo learned the tune from Eilev Smedal while Smedal was home from America in 1936, and he recorded it at the Norwegian Folk Music Institute on August 21, 1967.

21. Gaute Navardsgard is a *springar* after Håvard Gibøen. In the *slåtteste* it says: "Gaute Navardsgard was a troll of a man, he shot twenty-four reindeer in one day. Leiulv Kåvesand was more of a man, he shot all those which Gaute didn't find." On this track, Eivind Mo plays a form after Eilev Smedal. This form of the tune is more like the way it is played in Møsstrond than the way it is played in Tinn. It is likely that Eilev had the tune after Kjetil Håvardson. Eivind Mo plays the tune here at Brenne in Bø in around 1955, and the recording is by Halvor Brenne.

22. Gangar etter Håvard Gibøen goes under several names, among others *Endelausen* and *Langedragen*. Eivind Mo learned the tune from Høye Kvåle, who had it after Kjetil Håvardson. The recording is from the same session as the previous tune.

23. Håvards sorg is one of many sorrowful *springars* after Håvard on *nedstilt bas*. Eivind Mo learned the tune from Høye Kvåle, who had it after Kjetil Håvardson. This recording was probably made by Svein Krontveit in Rauland, since the tape came from him, but it is uncertain when it was made.

24. Systerslåttane are the same tunes as *Kivlemøyane*, which Eivind Mo plays at the very beginning of this CD. Trygve K. Vågen plays just two of these tunes here, and in other forms than those Eivind plays after Høye Kvåle. Trygve names Johannes K. Dahle first and foremost as the source for these. The recording is from the concert "Håvardsdraumen", which took place during Telemarkfestivalen in Bø on July 18, 2009, and was made by Kari Lønnestad from the Folk Music Archive in Telemark.

Produsentar: Per Anders Buen Garnås og Anne Hytta **Tekstar i omslagshefte:** Per Anders Buen Garnås og Anne Hytta **Kjelder til tekstene:** *Som Gofa Spølå* av Knut Buen Tuddal 1983; *Myllarguten/Håvard Gibøen* av Rikard Berge Oslo 1971; *Høyre du Tårån?* av Asbjørn Storesund Buen Kulturverkstad 1995; CD-heftet til *Gibøspel* av Trygve K. Vågen 1993 **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad **Lyredigering og mastering:** Fridtjof Lindeman, Strype Audio **Grafisk utforming:** Eva Karlsson **Illustrasjonar:** Morten Vernegg **Stonad:** CD-en er gjeve ut med stonad frå Falkeriset Spelemannslag, Vinje kommune, Tinn kommune, Norsk Folkemusikk- og Danselag, Tinn sparebank, Tinn spelemannslag, Seljord spelemannslag **Takk til:** Gunnar Lind, Bjarne Brattås, Ottar Lien og Anne Elise Thorvaldsen for lån av bilete for lån av bilete.

